

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

*Deres ref:*

*Vår ref:*

Oslo, 28.10.16

## Høring om endring i forskrifta om land-for-land-rapportering

Det vert vist til brev frå Finansdepartementet av 30. september 2016.

- 1) Finansdepartementet skriv at forslaget som er sendt på høring følger opp deler av Stortinget sitt vedtak nr 792 (2014-2015). Høyringsforslaget inneheld ein skilde forslag som gjer at ein kunne nådd målsetninga om å synleggjera uønskt skattetilpassing og sikre relevante opplysningar knytt til LLR-rapportering frå dotterselskap og støttefunksjonar i tredjeland. Problemet er at dei same betringane ikkje vert ivaretekne fordi det er forslag om å bruke formuleringar og omgrep som gjev det fullt muleg å omgå desse. Industri Energi meiner difor at vedtak nr 792 (2014-2015) ikkje vert følgt opp på ein tilstrekkeleg måte.
- 2) Industri Energi stiller seg bak PWYP-Norge sitt forslag om at forskrifta for utvida-land-for-land rapportering bør vera i rekneskapslova §3-3s., og at denne vert endra slik at dei relevante opplysningane kjem fram i rekneskapet og kan synleggjera potensiell uønska skattetilpassing.
- 3) Det er positivt at Finansdepartementet har gått vekk frå at rapporteringa vil ha økonomiske konsekvensar for selskapa.
- 4) Det er positivt at Finansdepartementet aksepterer at opplysningane i stor grad er tilgjengelege gjennom årsrekneskapsrapporteringa.
- 5) Industri Energi støttar PWYP-Norge sitt forslag om at selskapa må ta desse opplysningane inn som notar i finansrekneskapet. Ein separat rapport tilgjengeleg i 5 år dekker ikkje formålet med utvida-land-for-land-rapportering.
- 6) Finansdepartementet føreslår at rapporten skal innehalde opplysningar om kostnadar i staden for krav om rapportering av kjøp av varer og teneter. Dette inneber at rapporten må gi opplysningar om føretaket sine fulle kostnadar, noko som er betre for å setje føretaket sine betalningar til styresmaktene og føretaket sine skattemessige tilhøve inn i ein større samanheng.
- 7) Plikta til å rapportere vert kopla til skattebetaling. Dette betyr at ein berre treng rapportere investeringar, salsinntekter, produksjonsvolum og kostnadar i dei landa kor selskapet er plikta til å rapportere betalningar til styresmaktene. Skatteparadisa vert såleis skjerna. Alle land må inngå dersom ein skal kunne identifisere kor selskapa betalar skatt og kor dei ikkje gjer det. Dette punktet må endrast for at forskrifta skal fungere etter hensikt.
- 8) Selskap kan unngå rapportering av dotterselskap dersom morselskapet gjennom alvorlege og langvarige restriksjonar vert hindra i å utøva rettane sine i høve til dotterselskapet eller at ein ikkje kan henta inn opplysningar i rimeleg tid eller utan

store kostnader. Selskapa bør som minimum gjera greie for kvifor rapporteringa manglar og kva som er årsaka.

- 9) Industri Energi støttar PWYP-Norge sitt krav om at Finansrekneskapet bør vera den sjølvsgatte kjelda for alle opplysningskrava. Det er meningslaust at selskapa skal nytte andre tal enn dei som er lagt fram til revisor og er revidert.

Med venleg helsing,  
Amalie Hilde Tofte,  
Internasjonal rådgjevar,  
Industri Energi